



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1854 - 18/22564

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
11.07.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 for oppføring av fritidsbustad til uttale - gbnr 124/24 Kjeilegavlen


Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 124/24
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS
Ansvarleg søkjar: Lund og Laastad Arkitekter AS

Saka gjeld søknad om rammeløyve for oppføring av fritidsbustad på 98 m² BRA med tilhøyrande parkeringsplass. Tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8. Fritidsbustaden er på det nærmaste opplyst å ligga ca. 94 meter frå sjø.

Fritidsbustaden er ein av tre hytter som skal førast opp. Eigedommane grensar til kvarandre. Det er kun fritidsbustaden på denne eigdommen som kjem i konflikt med byggegrensa mot sjø.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad er definert som LNF Spreidd fritidsbustad, område SF1. Kommunedelplanen opnar for at det kan byggjast 3 fritidsbustader i planperioden. Rammene for utbygging går fram av føresegn 6.17 og 6.19 i kommunedelplanen.



VURDERING

Dispensasjon

Eigedommen ligg innanfor område sett av til LNF spreidd fritidsbustad, der planen opnar for at det kan byggast 3 fritidsbustader i planperioden. Det er ikkje bygd andre nye fritidsbustader i området i planperioden, og tiltaket er såleis i samsvar med plan når det gjeld utbyggingstakt. I kommunedelplanen er det ikkje lagt inn byggegrense mot sjø i planen, då byggegrensa ligg kun som funksjonell strandsone. Lindås kommune meiner at føresetnaden har vore at området skal kunne byggast ut med 3 hytter, og at det er ein feil at området ikkje ligg med juridisk byggegrense mot sjø. Vidare er minste avstanden frå planlagte bygg til sjø ca 94 meter. Det ligg både køyreveg og andre bygningar i området mellom sjø og omsøkte eigedom. Verknaden mot sjø vert vurdert som liten.

På bakgrunn av det er det kommunen si førebelse vurdering at omsyna bak strandsonevernet ikkje vert sett vesentleg til side, og at vi er positiv til ein dispensasjon i denne saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Lenke til dokumenta i saka finn de vedlagt og elektronisk [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve - gbnr 124/24 Kjeilegavlen

PastedGraphic-49

ATT00001

Søknad om tillatelse til tiltak 12424

ATT00002

Vedlegg A1. Tiltakets ytre rammer

ATT00003

Vedlegg B1. Dispensasjonssøknad 12424

ATT00004

Vedlegg C1. Kvittering Nabovarsel

ATT00005

Vedlegg D1. RT 00.001

ATT00006

Vedlegg E1. PRO 10.000 plan

ATT00007

Vedlegg E2. RT 20.002 snitt H3

ATT00008

Vedlegg E3. PRO 30.000 fasader

ATT00009

Vedlegg E4. PRO 30.001 fasader

Vedlegg:

ATT00010

Vedlegg E5. RT 30.004

ATT00011

Vedlegg E6. RT 30.005

ATT00012

Vedlegg E7. RT 30.006

ATT00013

Vedlegg G1. Ansvarsrett PRO + SØK

ATT00014

Vedlegg Q1. Følgebrev 12424

ATT00015

Vedlegg Q2.Samtykke avstand nabo

ATT00016

Vedlegg Q3

ATT00017

Vedlegg G2. erklarin-om-ansv.rett

ATT00018

Vedlegg G3. Gjf.plan versj 1

ATT00019

Kopi utan vedlegg til:

Lund og Laastad Arkitekter AS

Strandgaten 201

5004

BERGEN

Sijoni Invest AS

Fabrikkgaten 5

5059

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN